



**TYSDAG 20. JUNI KL. 10-24**

*Sommarsalet er i gang!*

Vinn gavekort • Grilling • Musikk


**KLIKK HER!**



Nyhende →

# Her er rundt 700 personar i gang med feiringa

Parade og festmat då den filippinske nasjonaldagen blei markert på Stord.




## Vidar Hope

**Oppdatert:** 30 minutter siden

Det bur om lag 150 filippinarar på Stord, noko som gjer at Filippinane har nest flest utanlandske innbyggjarar i kommunen, bak Polen.

Då den 125. filippinske nasjonaldagen blei markert sist helg var talet på gjester nærmare 700, ettersom nabokommunar også var inviterte. Feiringa fann stad i Vikahaugane sportssenter laurdag.

ARTIKKELEN FORTSETTER UNDER ANNONSEN



– Feiringa starta med ein flott parade som inneheldt flaggbering og fanfare, leia av den filippinske ambassadøren i Norge, og ordføraren på Stord, seier Addo Selga, styreleiar i Sunnhordland Pinoy Community.



Rapparen Ruel Angelo frå Sagvåg med gruppa #Allstar. **FOTO:** STRAND MEDIA

Markeringa blei også det første besøket i regionen for den filippinske ambassadøren Enrico Fos, som til dagleg har base i Oslo.

– I talen sin fortalte han om kor glad og stolt han var over å sjå så mange filippinarar samla på éin plass. Det var også stor stas for det filippinske samfunnet å få besøk av ambassadøren med familie, seier Selga.

– Dette blei ei hending som absolutt viste filippinarane sitt samhald og tilhøyrslse i lokalsamfunnet. Dagen blei sett saman med mange ulike kulturelle innslag innan musikk og dans. Og tradisjonsrik filippinsk mat, sjølvsagt, seier Selga.

Tre timer med underhaldning blei avslutta med loddtrekking.

– Me håpar at me får til ei form for feiring av den filippinske nasjonaldagen også til neste år, slår Selga fast.

ARTIKKELEN FORTSETTER UNDER ANNONSEN



Aaron Marvin Ibona Sadora (f.v. med norsk flagg), Richard Maagad, Cyrelle Fylkesnes, Gaute Straume Epland, den filippinske ambassadøren Enrico Fos, kona hans Myla Antoinette Fos, sonen deira Ton Fos, Addo Selga og Luz Barek.  
**FOTO:** STRAND MEDIA



PhilZumba Dance Company frå Stord. Filippinske og thailandske kvinner som dansar zumba éin gong i veka.  
**FOTO:** STRAND MEDIA



Før parade start. Addo Selga (f.v.), Luz Barek, ambassadør Enrico Fos, Myla Antoinette Fos, Ton Fos, Leif Mark Matias Medinaceli. **FOTO:** STRAND MEDIA





Fitjar Musikklag spelte fire melodiar. **FOTO:** STRAND MEDIA



Stord Pinoy Dancemate. På biletet dansar dei filippinsk folkedans. **FOTO:** STRAND MEDIA





Sinulog Dance group. – Dei dansa ein popular festivaldans frå Cebu på Filippinane. Dansen heiter «Sulog», som betyr «straum av ei elv», seier Addo Selga. **FOTO:** STRAND MEDIA



Alle fekk smaka på filippinsk mat. Matlaging og servering blei gjort på dugnad. **FOTO:** STRAND MEDIA



Myla Antoinette Fos (f.v.), filippinsk ambassadør Enrico Fos og Stord-ordførar Gaute Straume Epland.  
**FOTO:** STRAND MEDIA



Filippinske ungdommar frå Bømlo utgjer gruppa Elites of Bømlo. **FOTO:** STRAND MEDIA



Fil-Nor Choir er det filippinske koret som syng i katolsk kapell som ligg i Nordbygdo på Stord. **FOTO:** STRAND MEDIA





Alle blei registrerte ved inngangen. **FOTO:** STRAND MEDIA

**Publisert:** tirsdag 20. juni 2023 kl. 12:51

**Oppdatert:** 30 minutter siden



**UTFORSK TEMA:**

GAUTE STRAUME EPLAND

FILIPPINENE

STORD

#### Lignende artikler



**Han blir invitert her for første gong** +



**Her feirar dei million-summen** +



**– Kjære sunnhordlendingar, me greidde det** +


#### Nyhende



**Underskot etter seks solide år** +



**Inntektene stig for veterinæren** +



**Inntektene til PTU AS berre veks, viser rekneskapen** +

Ansvarleg redaktør  
**Marit Holm**

Opningstider  
**Sentralbord mån-fre: 08:00-15:30**  
**Telefon: 53 45 00 00**  
Besøksadresse  
**Borggata 15, Stord**  
Postadresse  
**Postboks 100, 5401 Stord**

Kontakt oss  
**Redaksjonen**  
**Kundeservice**  
**Marknad**

Sunnhordland arbeider etter **Vær Varsom-plakatens** regler for god presseskikk. Se også **Redaktøransvar**. Sunnhordland har ikke ansvar for innhold på eksterne nettsider som det lenkes til. Alt innhold er opphavsrettslig beskyttet 2023 © Sunnhordland.  
**Informasjon om bruk av «cookies» og personvernpolicy.**